




# GAMLEHAMNA

## FREDA SJØBRUKSMILJØ / PRESERVED FISHING-HARBOUR / FISCHERSIEDLUNG UNTER DENKMALSCHUTZ



N

Gamlehamna gav livd for sjødraget når det var uvêr i havet. I hamna står ti hus: fire naust, fire sjøbuer og to torvhus. Dei høyrer til dei fire gardsbruka på Krossøy. Lunnar, kaiar, hopar og grunnmurar er i naturstein; murte med omhug, stein på stein. Husa er grindbygde. Dei er hovudsakleg frå 1800-talet og byrjinga av 1900-talet, men deler av bygningane kan vera eldre. I kyststroka har grindbygginga solide tradisjonar langt attende i tid; til vikingtida og kanskje enno lengre. Krossøy ligg i det skoglause kystområdet, og det meste av bygningstømmeret er difor frakta ut hit frå Masfjorden, i byte mot fisk og fiskeprodukt. Øya vart landfast hausten 1995, og fram til då har båten vore uunnverleg i dette øysamfunnet; på fiske eller i andre ærend. Sjøbruksmiljøet i Gamlehamna vitnar såleis om liv og arbeid i eldre tid, og om hopehavet mellom menneska og naturressursane.

GB

Gamlehamna ("the Old Harbour") offered good shelter from heavy seas when the ocean was stormy. There are ten buildings: four boathouses, four fishermen's shanties and two turf houses, all belonging to the Krossøy farm. Shipways, quays and foundation walls are of natural stone, carefully mortared in courses. The houses are frame-built, mainly from the 1800s and the early 1900s, but parts may be older. In coastal areas the frame construction technique is very ancient, going back to the Viking Age and perhaps longer. Krossøy is in the treeless coastal belt, and so most of the construction timber was brought from Masfjorden in exchange for fish and fish products. A bridge was built to the island in the autumn of 1995, prior to which boats were essential to this island community, for fishing and other purposes. The fishing-station at Gamlehamna is thus a testimony to the life and work of a vanished age, and to Man's relation to his natural resources.


D

Gamlehamna («Der alte Hafen») war Windschatten und Schutz, wenn draußen im Meer ein Unwetter tobte. Im Hafen stehen zehn Häuser: vier Bootshäuser, vier Kaihäuser und zwei Torfhäuser. Sie gehören zu den vier Bauernhöfen auf Krossøy. Aufschlepper, Kais, Liegebuchten und Grundmauern sind aus Naturstein; mühevoll gemauert, Stein auf Stein. Die Häuser haben eine Holzrahmen. Sie wurden in der Hauptsache im 19. und Anfang des 20. Jahrhunderts gebaut, doch Teile der Gebäude sind wahrscheinlich noch älter. An der Küste hat der Häuserbau mit Ständern solide Traditionen, die bis in die Wikingerzeit, vielleicht sogar noch weiter zurückreichen. Krossøy liegt im waldlosen Teil der Küste, und der größte Teil des Holzmaterials wurde deshalb aus Masfjorden hierher gefrachtet. Dort hatte man das Holz im Tausch gegen Fisch und Fischprodukte erworben. Die Insel Krossøy ist seit Herbst 1995 mit dem Festland verbunden; vorher waren Boote in dieser Inselgemeinde unentbehrlich. Die Fischersiedlung in Gamlehamna vermittelt einen guten Einblick in Leben und Arbeit in früherer Zeit und in das Verhältnis der Menschen zu den Naturgewalten.



### KROSSØY

Krossøy ligg der Fensfjorden, Fedjefjorden og Rongeværleia kryssar kvarandre. Dette kan ha gitt namn til øya. Øya kan òg ha fått namnet av andre grunnar. Tidlegare nytta ein gjerne seglingsmerke i form av ein kross; ein lekk i det gamle merkesystemet langs leia. Kanskje har det stått eit slikt seglingsmerke her på øya. I gammal tid, før det vart bygd kyrkjer, vart det sett opp steinkrossar på stader der det vart halde messe. På folkemunn heiter det at det skal ha vore ein slik kross her på Krossøy.




### HUSA I GAMLEHAMNA

Frå gammalt av er Krossøy fiskarbøndens samfunn, med jordbruk og fiske som næringsgrunnlag. Både i 1801 og 1900 viser folketeljningane at det budde 24 personar på øya. Fisket gav mat til hushaldet, men gav òg grunnlag for inntekter. Sjøbruksmiljøet i Gamlehamna er eit minne om tida då fisket var sjølv livsgrunnlaget på Krossøy.

- Naust
- Sjøbu
- Torvhus
- Båtar
- Lunnar

### ARBEID OG ÅRSTIDER



Onnearbeidet på garden var frå april til ut i september. Om våren byrja dei med å spa åkrar, setja poteter og så havre. Torvtakinga var i mai-juni. Om sommaren var det hø- og håslått, og på hausten vart poteter og havre hausta inn. I vinterhalvåret skar dei lyng som før til dyra, og spedde gjerne på med tare i vårknipa. Det kunne bu tre generasjonar på kvart bruk. Alle tok del i arbeidet. Kvinnene stelte med dyra, tok del i onnearbeidet, sanka for, kinna smør for sal og gjorde elles anna husarbeid. Dei var kystens bønder. Mennene sto helst for fisket heime eller borte og det tyngre arbeidet på garden. Dei tok seg gjerne arbeid borte frå heimen i januar og februar; på sildefiske eller på notboteri. Heimefisket dreiv dei heile året. Fiske av laks, makrell, krabbe, hummar og torsk var i hovudsak for sal. Brosme, lange, hyse, pale og lyr var meir til eige bruk, litt til privat sal, eller som bytevare mot trevyrke i Masfjorden.

### NAUSTA

var først og fremst lagringsplass for båtar og fiskereiskap. Framom dei er det lunnar som båtane vart dregne opp på for at dei ikkje skulle verta vasstrukne og tungrodde, eller medtekte av sjødrag. Oftast var det to færingar og ein seksring i kvart naust; med årar, segl, mast, spristang og ror.

Kilenota vart brukt i laksefisket. (Garnbotn i fiskerommet er ikkje innteikna)


Rommet oppe på betane, skukkjen, vart nytta til lagringsplass for fiskereiskap. Kwart bruk kunne ha 40-50 hummartein, og om lag like mange torskeruser som vart nytta nokre månader kvart år. Til laksefisket, eit av dei viktigaste fiskeria, hadde kvar brukar ei kilenot. Til den høyrde fleire lange stenger som kunne bindast opp under betane i naustet. Slik vart også trovene og dorgestengene oppbevarte. Trovone vart nytta når dei rodde etter pale om sommaren. I naustet lagra dei òg hummarkassene, glipen - brukt til agnfiske - og fiskekista som dei frakta torsken levande i. Garna vart tørka på naustveggen og sidan lagra i kasser i naustet eller sjøbua.

### SJØBUENE


var hovudsakleg arbeidsplass og lagringsplass for fisk. I sjøbua tilverka dei fisken som dei sloya, flekte, salta og lagra i tonner og kasser. Det er moeleg å leggja inn til sjøbuene med båt, slik at tunge løft kan heisast inn i bua med vinna, som gjev utveksling for tyngda og gjer løftet lettere. To av sjøbuene hadde eigne rom for lagring av torv.

### TORVHUSA


var lagringsplass for torv. Dei kunne vera delte i to rom, eit for gardsfolket og eit for kårfolket. I det treberre landskapet vart brenselet først og fremst henta frå torvmyra. Torva vart teken ut på øya Lyngoksen i mai eller juni. Den vart spadd opp frå lange snitt som kunne vera fleire meter djupe. Oftast vart ho teken opp i flate skiver og tørka på myrflata. Midt på sommaren var torva oftast tørr nok til å fraktast til torvhuset i båt. Den tørre torva vart sidan bore til bustaden i kiper og nytta som brensel. Torvhusa har dører mot sjosida slik at torva kunne lossast direkte frå båtane.



Naust



Sjøbu



Torvhus

Tekst og redaksjon: Kultur- og idrettsavdelinga, Hordaland fylkeskommune og Austrheim kommune. Teikning av fiskereiskap: Thorolv Rasmussen, Norges Fiskerier 1941, Oslo 1943. Teikning av sjøbruksmiljø, naust og torvhus: Karl Ragnar Gjerset. By og Bygd, Norsk Folkemuseums årbok 1978. Modifisert 2008.

Teikning av sjøbu: Modifisert etter N.G. Brekke, 1977. Illustrasjon «Arbeidsrutinar»: Sverre Mo. Grafisk formgeving: Goosen Design. Produksjon: Artic Reklamebyrå, Bergen. Ny produksjon: Kultur- og idrettsavdelinga, Hordaland fylkeskommune, 2008.



GAMLEHAMNA ER FREDA ETTER KULTURMINNELOVA OG ER EIN DEL AV VÅR FELLES KULTURARV. VIS RESPEKT OG OMTANKE.

HORDALAND FYLKESKOMMUNE, AUSTRHEIM KOMMUNE